


**Sakshandsamar:**

Guro Høyvik

E-post: Guro.Hoyvik@sfj.no

Tlf.: 41530608

**Vår ref.**

Sak nr.: 18/8916-2

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Dykkar ref.**
**Dato**

LEIKANGER, 20.02.2019

## Invitasjon til fylkesting for ungdom 2019

Ungdomspolitisk utval (UPU) inviterer til fylkesting for ungdom 2019. Som vi har informert om tidlegare vert fylkesting for ungdom arrangert 5. til 7. april på Thon Hotel Jølster, Skei. Arrangementet startar fredag kl. 18:00, med registrering frå kl. 17:45, og vert avslutta med lunsj kl. 13:00 søndag.

Fylkesting for ungdom (FFU) er ungdom i Sogn og Fjordane sitt øvste talerøyr. FFU skal arbeide for å ivareta ungdom sine interesser i fylket, for å auke samfunnsengasjementet hos ungdom og for å fremje ungdomsmedverknad.

Tinget vert arrangert éin gong i året og representantane kjem frå ungdomsråda, dei politiske ungdomspartia og dei fylkesdekkjande ungdomsorganisasjonane. Representantane vert valde av ungdommane i kommunen, partiet eller organisasjonen. Etter vedtektene for fylkesting for ungdom skal ein delegat til FFU vere mellom 13 og 23 år og skal ha folkeregistrert adresse i Sogn og Fjordane fylke. Det same gjeld for observatørar. Informasjon om kor mange delegatar og observatørar de kan melde på finn de på fylkeskommunen sine nettsider [www.sfj.no/fylkesting-for-ungdom](http://www.sfj.no/fylkesting-for-ungdom).

All annan informasjon om fylkesting for ungdom, inkl. program, praktisk informasjon, prisar og lenkje til påmeldingsskjema finn de også på denne nettsida. Her finn de i tillegg informasjon om korleis ein kan melde inn saker på førehand, stille til val til ungdomspolitisk utval eller føreslå endringar av vedtektene for fylkesting for ungdom eller ungdomspolitisk utval. Alle deltakarar på fylkestinget må fylla ut og signere eit eige samtykkeskjema for at dei skal få delta, skjemaet finn de også på nettsidene.

Påmeldingsfristen er 15. mars 2019.

Vi ber om at denne invitasjonen vert vidareformidla til dei som vert påmelde til fylkesting for ungdom.

Ta gjerne kontakt dersom de har spørsmål

- Guro Høyvik, rådgjevar i nærings- og kulturavdelinga. E- post [guro.hoyvik@sfj.no](mailto:guro.hoyvik@sfj.no), mob. 415 30 608.
- Kamilla Rivedal, leiar i ungdomspolitisk utval. E- post: [ungdomspolitiskutval@sfj.no](mailto:ungdomspolitiskutval@sfj.no), mob. 482 81 461.

Vel møtt til fylkesting for ungdom 2019!

Med helsing

Ingebjørg Erikstad  
Ass. fylkesdirektør for næring og kultur

Kamilla Rivedal  
leiar i ungdomspolitisk utval

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Mottakar (ar)

Aurland kommune Vangen 1 5745 AURLAND  
 Askvoll kommune Postboks 174 6988 ASKVOLL  
 Balestrand kommune Kong Beles veg 20 Rådhuset 6899 BALESTRAND  
 Bremanger kommune Postboks 104 6723 SVELGEN  
 Eid kommune Rådhusvegen 11 6770 NORDFJORDEID  
 Fjaler kommune Dalstunet 20 6963 DALE I SUNNFJORD  
 Flora kommune Postboks 264 6900 FLORØ  
 Førde kommune Postboks 338 6802 FØRDE  
 Gaular kommune Vadheimsvegen 15 6973 SANDE I SUNNFJORD  
 Gløppen kommune Grandavegen 9 6823 SANDANE  
 Gulen kommune Eivindvikvegen 1119 5966 EIVINDVIK  
 Hornindal kommune Postboks 24 6761 HORNINDAL  
 Hyllestad kommune Kommunehuset 6957 HYLLESTAD  
 Høyanger kommune August Gunnarskogsgt. 1 6993 HØYANGER  
 Jølster kommune 6843 SKEI I JØLSTER  
 Leikanger kommune Skrivarvegen 7 6863 LEIKANGER  
 Luster kommune Rådhuset 6868 GAUPNE  
 Lærdal kommune Postboks 83 6886 LÆRDAL  
 Naustdal kommune Tunavegen 6 6817 NAUSTDAL  
 Selje kommune 6740 SELJE  
 Sogndal Kommune Postboks 153 6856 SOGNDAL  
 Solund kommune 6924 HARDBAKKE  
 Stryn kommune Tonningsgata 4 6783 STRYN  
 Vik kommune Postboks 134 6891 VIK I SOGN  
 Vågsøy kommune Postboks 294 6701 MÅLØY  
 Årdal kommune Statsråd Evensensveg 4 6885 ÅRDALSTANGEN  
 Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN  
 Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset Julsundvegen 9 6404 MOLDE  
 AUF i Vestland  
 Grøn ungdom Vestland  
 KrFU Sogn og Fjordane  
 Senterungdommen Sogn og Fjordane  
 Sogn og Fjordane Rød Ungdom  
 Sogn og Fjordane SU  
 Sogn og Fjordane Unge Høgre  
 Vestland FpU  
 Vestland Unge Venstre  
 Elevorganisasjonen Sogn og Fjordane  
 LO Ung Sogn og Fjordane  
 Natur og ungdom Sogn og Fjordane  
 Røde Kors Ungdom i Sogn og Fjordane  
 Skeiv ungdom Sogn og Fjordane  
 Sogn og Fjordane KFUK-KFUM  
 Sogn og Fjordane krets av Noregs Speidarforbund  
 Sogn og Fjordane 4H

Kopi til:

Jenny Ellaug Følling , FORD  
 Jan Heggheim , NKA